



Charles Sommerseth Lilleskare
Titlandsvegen 389
5912 SEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1685 - 18/33538

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
14.11.2018

Svar på krav om tilbaketrekking av utsleppsløyve - gbnr 129/6 og 33 Titland søndre

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka og dykkar e-postar datert 11.07.2018, 05.08.2018, 20.09.2018, 05.10.2018 og 06.11.2018. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

Lindås kommune sendte ut brev til Rusomsorg Vest den 25.06.2018, der det mellom anna vart varsla at kommunen kom til å vurdere om utsleppsløyvet til gbnr 129/6 frå 1975 skal opphevast etter forureiningsforskrifta.

Vi har motteke tilbakemelding frå Rusomsorg Vest i brev datert 14.07.2018, der dei mellom anna gjer greie for vidare bruk av eigedommen.

I sak 18/2116 vart det i brev datert 10.07.2018 sendt ut førehandsvarsel om pålegg av opphøyr av bruk og ilegging av tvangsmulkt. I brev frå Rusomsorg Vest den 14.09.2018 er det meldt tilbake at verksemda som omsorg og rehabiliteringssenter for rusmisbrukarar vert lagt ned. Vidare aktivitet i bygningane skal vera i samsvar med godkjent bruk. På bakgrunn av dette er saka avslutta.

Det følgjer av forureiningsforskrifta § 12-16 at «Tillatelse til utslipp av sanitært avløpsvann gitt i medhold av **forurensningsloven** og tilhørende forskrifter før 1. januar 2007 er fortsatt gjeldende.»

Den ulovlege drifta som har vore på eigedommen har opphøyr. På bakgrunn av det, har eigedommen eit utslepp som er i samsvar med den drifta som var på eigedommen då det vart gjeve utsleppsløyve i 1975.

Vidare går det fram av forureiningslova § 18 at «*Tillatelse kan i alle tilfeller tilbakekalles eller endres når det har gått 10 år etter at den ble gitt.*

Ved avgjørelser etter første og tredje ledd skal det tas hensyn til kostnadene en endring eller omgjøring vil påføre forurenseren og de fordeler og ulemper endring eller omgjøring for øvrig vil medføre.»



Avløpsanlegget på gbnr 129/6 er eit av fleire eldre etablerte avløpsanlegg i dette området, som ikkje stettar dei krava til utslepp som gjeld etter dagens regelverk. Dersom kommunen skal oppheva eller endra vilkåra for utslepp, må det skje etter ein samla plan der ein får løyst så mykje som mogleg av problematikken kring handtering av avløp felles for området. Det må enten skje gjennom kommunal utbygging av anlegg, eller gjennom eit felles privat avløpsanlegg. På bakgrunn av dette finn ikkje kommune grunnlag for å oppheva eller endra vilkåra for utsleppet til gbnr 129/6 på noverande tidspunkt.

Det følgjer av forureiningslova § 7 at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining, og at når det er fare for forureining skal den ansvarlege sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Som eigar av eit avløpsanlegg, så har ein sjølv ansvar for å unngå og hindre forureining frå dette.

Vurdering kring tidlegare avtalar og rettar om plassering av avløpsanlegg er eit forhold som partane må avklara mellom seg, og er ikkje eit forhold som Lindås kommune tek stilling til. Vi oppmodar at partane sjølv går i dialog kring dette.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rusomsorg Vest Nappane	Titlandsvegen 359	5912	SEIM
------------------------	-------------------	------	------

Mottakarar:

Charles Sommersest Lilleskare	Titlandsvegen 389	5912	SEIM
Kristine Hunter Allport	Titlandsvegen 389	5912	SEIM